

**Ingen merknad til siste låvedans**

29.08.2007

**19. august vart den siste låvedansen på Dønhaug dette året avvikla – med det irske fyrverkeriet Andrea Rice. Skjenkjekontrollen var til stades også denne gongen og heller ikkje no hadde dei nokon kritisk merknad til det dei observerte.**

I rapporten svarar dei JA på spørsmålet om skjenkjetida vart halde og NEI på spørsmåla om tydeleg rusa personar fekk tilgjenge til lokalet, om det vart observert overskjenkjing, og om det vart observert alkohol som vart teken med inn eller ut.

Og dermed får ikkje kontrollørane fleire turar til Dønhaug i 2007.